

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)
Att:
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Fiskeridirektoratet si uttale til høyring av vurdering av konsesjonsplikt for auka installert effekt og slukeevne i Ulvik (II) kraftverk i Tyssovassdraget i Ulvik kommune

Vi viser til oversending datert 18.10.2024.

Saka gjeld

NVE har fått ein førespurnad frå Eviny Fornybar AS om vurdering av konsesjonsplikt for auka installert effekt og auka slukeevne i Ulvik (II) kraftverk. Dei ønsker tilbakemelding på om kjende allmenne interesser vert ramma av tiltaket, og om vi meiner det er andre interessentar som bør få høve til å uttale seg. Avlaupsvatnet frå kraftstasjonen førast ut i sjøen i Ulvikapollen, via ein avlaupstunnel og ein dykka kulvert.

Vår rolle i saka

Fiskeridirektoratet har som føremål å fremje lønsam og verdiskapande næringsaktivitet gjennom berekraftig og brukarretta forvaltning av marine ressursar og marint miljø. Vi uttalar oss til søknader etter vassressurslova for å opplyse saka med informasjon om fiskeri- og akvakulturinteresser i området, inkludert marint miljø og biologisk mangfald som er viktig for næringane. Interessene vi skal ta i vare er nærare omtala i planretteiinga under *Arealplaner* på fiskeridir.no ([Arealplaner](#)).

Fiskeri- og akvakulturinteresser i området

I vårt kartverktøyet Yggdrasil har vi samla kartlag som viser viktige registreringar knyta til fiskeri- og akvakulturinteresser. I området denne saka gjeld, har Havforskningsinstituttet registrert eit lokalt viktig gytefelt for kysttorsk der det er noko egg og stor retensjon av egg.

Våre vurderingar

Undersjøisk utslepp av ferskvatn kan få følgjer for gytefelt ved at ein blant anna får straumar oppover i vassmassane som løftar larvar opp til overflata slik at desse dør. Dette kan også føre til at ein får løfta opp næringsrikt vatn frå djupare vasslag som vil føre til ein gjødslingseffekt med auka algevekst. Sjå denne sida om neddykking av ferskvassavlaup i sjø på Havforskningsinstituttet sine heimesider: [Neddykking av ferskvannsavløp i sjø | Havforskningsinstituttet](#).

Konklusjon

Vi vil be om at gytefeltet for kysttorsk vert tatt med i vurderinga av konsesjonsplikt for auka installert effekt og auka slukeevne i Ulvik (II) kraftverk.

Med helsing

Tom Hansen
seksjonssjef

Ingerid Bjørkevoll
rådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift.

Mottakarliste:

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) Postboks 5091
Majorstua

0301 OSLO

